

Å, måtte denne dagen føde dagar (*Bryllaupssalme*)

Å, måtte denne dagen føde dagar
som blir slik at når vi ser
tilbake på vår ferd i dine hagar,
blømer det vi plantar her.

No set vi ned den vesle spiren, trua
på den kjærleiken vi har,
så vi kan byggje vidare på brua
mellom oss, og deg, vår Far.

Så ryddar vi eit lite bed for vona
om at lengten blir til song,
at alle gledene vi får, må tona
utan klang av sorg ein gong.

Å, måtte vi så mange frø med kjærleik
slik at hagen vår blir fin,
vi ber om at du vandrar i vår nærleik,
vatnar alt med nåden din.

Forteljaren

Som ei gammal forteljing
blir livet vårt til
i mørkret i ring rundt eit bål,
om ei vaklande vandring,
- veit knapt kvar vi vil, -
ei ferd imot uklåre mål.
Kven fortel denne soga,
kvar kjem ho ifrå,
og kvar tek ho veggen i natt,
om den dagen vi våga,
då alt gjekk i stå,
og korleis vi snubla og datt.

Ei forteljing som rører
til latter og gråt,
ei spenning som stig kvart minutt,
om ei reise som fører
mot brenning og brot,
ei forteljing som søkjer ein slutt.
Men forteljaren stansar,
- ein frost grip kvar sjel, -
hald fram, dette slutta for fort!
Første lysstrålen dansar
før dagen fortel
at natta førte han bort.

HØYSONG

Mens høyet syng om graset
som vakna or vinternatt
då nynnar eg ei vise
om dagar som aldri kjem att,
om lys som skapte vokster
med voner om grøderikt år,
om minnekrans med roser
som grodde då det var vår.

Ein song om regn og tørke
frå lengtande frø i jord.
Eit lys igjennom mørket
med varme til alt som gror.
Så klarna himmelkvelven
og jorda bar modne strå.
Eg visste no kjem timen
då Gud dreg teppet ifrå.

Snart står nok slåttekaren
og svingar sitt stål i eng.
Då er eg fri som fuglen,
mot himmelen lyfter veng.
Mens høyet syng om graset
som vakna or vinternatt,
då nynnar eg ei vise
om dagar som aldri kjem att.

Kven er du, vesle jente? *Til Anna*

Ein tidleg morgon får eg høyre
at du kanskje er på veg.
Om litt syng kvelden mot mitt
øyre,
frambleis ventar eg på deg.
Eg tenner lyset mitt mot natta,
det kan styre dine steg,
når du skal gå den siste bratta,
før du stig inn her hos meg.

Refr.:

Kven er du, vesle jente,
bak ditt opne blikk?
Kvar vil du kunne hente
ord til din musikk?
Kva kan du ha i vente,
kvar veks fruktene
som blir til livets drikk?

Her står det mat og seng og
ventar,
og ei glede i min barm.
No går eg ut ein tur og hentar
litt meir ved så du blir varm.
Vel inne, veit eg du er komen,
for eg høyre munter larm,
alt før eg ser, eg kjenner dåmen,
og så tek du meg med sjarm.

No er det tid å starte festen,
dele mat og drikke her,
og eg er verten, du er gjesten,
vi vil stå kvarandre nær,
og saman vandre ut i dagen,
du som kom, og eg som er,
i lag til det blir kveld i hagen,
du som blir, og eg som fer.

OPPDRAGET

Eit oppdrag
frå Gud, Maria:
Bli mor til hans son.
Eit oppdrag
for Gud i tida:
Gi menneska von.
Eit oppdrag
som Josef fryktar
kan ende i skam.
Eit oppdrag:
La den du elskar
få stige fram.

Refr.:
Lysa er tende, stallen er tom.
Barnet ligg sveipt i mitt inste rom.
Ingen kan elske utan å gråte.
Julenatt kviler ein lengt i ei gåte.

Eit oppdrag
fekk eselfolen:
Å bere ei møy.
Eit oppdrag:
Fyl siste molen
når nokon må døy.
Eit oppdrag:
Ta vel mot gjesten,
forløyst i ein stall.
Eit oppdrag:
Gjer vel mot nesten,
vårt store kall.

Eit oppdrag
frå englehopen
som jubla i kor.
Eit oppdrag:
Gjer verda open
for fred på jord.
Eit oppdrag
for gjetarguten:
Til Betlehem.
Eit oppdrag:
Å hjelpe forkomne
å vende heim.

Dåpssalme

I eit famntak vart du til,
i ei stund så varm og vill,
i ein nærleik mjuk og mild
av Guds vilje.
Så kom timen, du steig inn
i den dagen som blir din,
la deg mjukt mot mammas kinn
– i Guds omsorg.

Ingen dagar blir som før.
Du har opna opp ei dør
til ei undring som gjer ør,
– eit Guds under.
Du stig inn med lys og håp,
døden snik i dunkle krop.
Du blir boren til ein dåp
– i Guds kjærleik.

Vegen veit vel ikkje du,
kanskje kan du byggje bru,
møte livet i den tru
– at Gud tilgir.
Langt kan livet bli, - og kort,
vanskeleg og lett, men stort.
Kvil, når dagen din glir bort
– i Guds nåde.

Draum

Fødd i eit mørke
Ein draum
Lever i tørke
Og flaum
I berget, ei kjelde, ein straum.
Refr.:
Du tek oss med dit det aldri er natt
Du legg vår vandring dit veggen er
bratt
Du er vårt kors og vår skatt

Stein slår og tenner
Ein eld
Søk nye strender
Mot kveld
Sjå, fuglane flyg over fjell
Refr.:
Du tek oss med dit det aldri er natt
Du legg vår vandring dit veggen er bratt
Du er vårt kors og vår skatt

Bølgjene, båten
Eit hav
Bryt og bli broten
Ei grav
Mot hamn bortom skodde og kav
Refr.:
Du tek oss med dit det aldri er natt
Du legg vår vandring dit veggen er bratt
Du er vårt kors og vår skatt

Dette er draumen
Eg fann
Beint imot straumen
Eit land
Og båten glir inn mot ei strand
Refr.:
Du tek oss med dit det aldri er natt
Du blir vår veg imot det som er att
Du blir vårt kors og vår skatt

Andedraget

På vandring over heia
Enno langt å gå
På leiting etter leia
Stansar ved eit strå

Skjelv i andedraget
Frå universets munn
Lever langt frå jaget
Eit æveleg sekund

På vandring over heia
Enno langt å gå
På leiting etter leia
Stansar ved eit strå

Rak i sommarbrisen
Med ryggen bøygde mot haust
Kvile under isen
Til dagen stig i aust

Eit landskap og ei vandring
Enno langt å gå
Ei reise gjennom undring
Stansar ved eit strå

Skjelv i andedraget
Ein morgonvind, ein dåp
Lever midt i jaget
Eit timeglas, eit håp

Eit landskap og ei vandring
Enno langt å gå
Ei reise gjennom undring
Stansar ved eit strå

Stig inn

Stille i huset
Stig inn
Utanfor suset
Av vind
Og alt det som aldri forsvinn
Du er som havet
Som slår
Djupt ned i kavet
Der står
Det berget som aldri forgår

*Syng, du som lever i alt det som er
Syng, alt som omgir meg når eg er her
Syng for meg når du er nær*

Her kan du kvile
Ei stund
Sove og smile
Ein blund
Eg plantar eit kyss på din munn
Havet som dansar
Mot strand
Berget som stansar
Di hand
Eit kjærteikn er rissa i sand

*Syng, du som lever i alt det som er
Syng, alt som omgir meg når vi er her
Syng for meg når du er nær*

Ventetid

Eg sit framfor omnen og fyrer.
Kubbane gløder,
logane leikar,
eg tenkjer på tid som har gått.
Her sit eg ved omnen
og varmar og vernar
ei sjel i ein kulsande skrott.

Du sit ikkje lenger ved varmen.
ordknapp var kvelden,
sakte kom kulden,
du let ikkje att då du for.
Eg ser inn i elden,
der flimrar det bilde
og skuggar frå gjengrodde spor.

Eg står framfor glaset og stirer.
Snøkaven gøymer
fotspora under
eit teppe av kvitt og av natt.
Eg blir her ved omnen
og vernar om varmen
til fotspora dine kjem att.

Godt at du er til

Å, for glede å få høyre
det bli kviskra i mitt øyre,
det er godt at du er til,
for når alle ansikt teier
skin det sol når nokon seier
det er godt at du er til

Å, når eg langt borte vankar
og dreg heim i mine tankar,
er det godt at du er til,
møter meg med smil som
varmar,
tek meg inn i dine armar,
det er godt at du er til

Å, når orda mine sårar,
kjenner angeren som bårar,
er det godt at du er til,
når så natt til dag seg vender
og du tek mot mine hender,
er det godt å vere til

Når den siste dagen endar
og det store ljuset blendar,
er det godt om du er til,
slik at du kan varsamt leie
og dei siste orda seie,
det er godt at du var til

Danny Boy (Gjendikta av Andreas Bjåstad)

Å, Danny, fløytene tek til å kalle
frå dal til dal og ned den bratte li.
For sommar'n dør, og snart vil lauvet falle,
då må du dra, men eg må bli ei tid.
Så kjem du att når sommarenga voggar,
når dalen søv og snøen blir breidd ut.
De'r eg som bur i solskin og i skuggar,
å, Danny, å, eg elsker deg, min gode gut.

Men om du kjem når ingen blommar smiler,
og eg er død, ved enden av min veg.
Gå ut og finn den staden der eg kviler,
knel ned og ber fram bønene for meg,
og stell så draumen vår imens du tuslar
der på mi grav, eg høyrer dine steg.
Du bøyer deg, fortel de'r meg du elsker,
så kan eg sove trygt heilt til du kjem til meg.

Vegen

Ein tidleg sommarmorgon,
før sola viste seg,
då måtte du av garde,
då hasta du i veg.
Var dette siste reisa,
dei aller siste steg?
For ingen visste vegen,
og minst av alle eg.

Så vart det ingen avskjed,
og ingen sa farvel.
Eg såg deg ikkje fare,
men visste likevel,
eg levde i ditt hjerte,
og mest av alt mot kveld.
No stod eg att åleine
og sukka stilt, - lev vel.

Men ingen kjenner vegen,
vi rissar han i sand,
ei reise over havet,
ei ferd mot framand strand.
Vi møtest og tek avskjed,
vi knyter og bryt band.
Vi to var fletta saman,
så miste eg di hand.

Når nokon har blitt borte,
må andre bli, og sjå
til alt som gror her heime
og vatne, gjødsle, så.
Eg gjorde det eg kunne,
eg prøvde å forstå
kva vandring du la ut på
kva veg eg måtte gå.

Rose i is

Frosen ligg søledammen
over ei rose i is.
Summande bier i dvale
under den kjølege bris.
||:Tøffe masker.
Bleike kinn.
Hard fasade.
Frose sinn.:||

Vårsol på søledammen
lyfter det uklare glas.
Rosa svingar i dansen,
dammen er kransa av gras.
||:Hatet smeltar.
Angsten dreg.
Gleda vaknar.
Banar veg.:||

Vinteren vatnar våren,
tårer i tinande jord..
Bier vaknar or dvalen,
leikar i summande kor.
||:Masker rivnar.
Våte kinn.
Bryt fasadar
Ope sinn.:||

Varsamt lyfter han rosa,
legg ho mot sitrande hud.
Snart blir frostbleike spirar
kledde i fargerik skrud...

Fem raude roser

Fem raude roser - på alterbordet,
fem sår på krossen,
med alle deler du vin og brød,
forlaten lid du din soningsdød.

Ei rose for svikaren Judas
som selde sin næraste venn.
Ei rose for kvar den som sviktar,
men kjenner at angeren brenn.

Fem raude roser....

Ei rose for sovande sveinar
då døden vart deg for svær.
Ei rose for alle som nøler
når naud og fortvilning kjem nær.

Fem raude roser....

Ei rose for redde apostlar,
forskremde la dei på sprang.
Ei rose for dei som vik unna
for truslar om terror og tvang.

Fem raude roser....

Ei rose for Peters forneking
då angsten og gråten braut fram.
Ei rose for høglytt forsikring
som endar i løgner og skam.

Fem raude roser...

Ei rose for tvilaren Tomas
som såg - og trudde ditt ord.
Ei rose for alle som undrast
og går til ditt nattverdsbord.

Fem raude roser....

